



Detaljregulering  
Ørskog brannstasjon Ørskog kommune



20.02.2014 Rev. 11.11.2014

Rapport nr.	<b>S13904</b>	Dato	<b>20.02.2014</b>
Prosjektnamn	Ørskog brannstasjon	Prosj.nr.	<b>S13904</b>
Tittel	Detaljreguleringsplan for Ørskog brannstasjon, Ørskog kommune		
Oppdragsgjevar	Ørskog kommune		
Prosjekt - organisering	Plan Vest AS v/ Knut Vikestrand		
Referat			
Produsert av	Plan Vest AS avd. Stord Postboks 667 5404 Stord Tlf. 53 40 37 80 Mail: <a href="mailto:post@planvest.no">post@planvest.no</a> Web: <a href="http://www.planvest.no">www.planvest.no</a>		
Revisjon	09.09.2014 Støysoner rød og gul 11.11.2014 Justering i samsvar med kommunestyret sitt vedtak		
Kontrollert av			

### Revisjon i samband med offentlig kunngjering.

Planforslaget var lagt ut til offentlig ettersyn med frist 30.04.2014. Det kom inn få merknader. Disse er ført i merknadsskjema vedlagt plandokumentet. Frå Statens vegvesen er det reist motsegn i høve til utforming av avkjørsla og elles merknad til grunngevinga for avkjørsla si plassering.

Planforslaget er korrigert i høve til merknadene frå Statens vegvesen og i samråd med Statens vegvesen sitt råd. Endringa er omtala under kap. 7.3 samt i føresegna § 4.3, § 6.2 og § 6.3.

Plan Vest As 03.07.14

## Innhald

1.	BAKGRUNN .....	5
1.1.	Tiltakshavar/planleggjar .....	5
1.2.	Føremålet med planarbeidet .....	5
2.	PLANSTATUS.....	5
2.1.	Kommuneplan .....	5
2.2.	Tilgrensande reguleringsplanar.....	5
3.	OMTALE AV PLANOMRÅDET .....	6
3.1.	Geografisk plassering .....	6
3.2.	Eksisterande bygningar .....	6
3.3.	Veg og trafikktilhøve .....	6
3.4.	Ureining.....	6
3.5.	Støy.....	6
3.6.	Naturmangfald .....	6
3.7.	Kulturminne.....	7
3.8.	Grunntilhøve.....	7
4.	Eigedomstilhøve .....	7
5.	Planprosess.....	7
5.1.	Vurdering av behov for konsekvensutgreiing .....	8
5.2.	Plassering av brannstasjonen .....	8
6.	Innkome merknadar - oppstart .....	10
7.	Omtale og konsekvensar av planen .....	13
7.1.	Arealføremål.....	13
7.2.	Område for bygg og anlegg .....	13
7.3.	Veg, trafiktryggleik og tilgjenge.....	14
7.4.	Born og unge sine interesser.....	15
7.5.	Universell utforming.....	15
7.6.	Støy.....	15
7.7.	Ureining .....	15
7.8.	Landskap, estetikk og omsyn til naboar .....	15
7.9.	Friluftsliv og grønne interesser.....	16
7.10.	Naturmangfald og vassdrag.....	16
7.11.	Kulturminne.....	16
7.12.	Helse, miljø og tryggleik .....	16

7.13.	Økonomiske konsekvensar for kommunen.....	16
8.	RISIKO OG SÅRBARHEIT- ROS .....	17
8.1.	ROS – Evaluering.....	18
9.	Vedlegg.....	20

## 1. BAKGRUNN

### 1.1. Tiltakshavar/planleggjar

Planen vert utarbeidd på vegne av Ørskog kommune. Planarbeidet er gjennomført av Plan Vest AS.

### 1.2. Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planen er å regulere inn tomt for ny brannstasjon.


## 2. PLANSTATUS

### 2.1. Kommuneplan

Kommuneplan for Ørskog 2006 – 2017 vart vedtatt i kommunestyret 01.06.2006. Arealet for sjølve brannstasjonen ligg der som LNF område og som landbruksområde i reguleringsplanen for Sjøholt aust.

### 2.2. Tilgrensande reguleringsplanar

Området ligg i reguleringsplanen Sjøholt aust og grensar til område for tenesteyting (1975001 "Tomt og tilkomstveg til sjukeheimen").



Figur 1 Gjeldande planstatus. Planområde for brannstasjonen synt med svart stipla linje- revidert etter offentlig ettersyn.

### 3. OMTALE AV PLANOMRÅDET

#### 3.1. Geografisk plassering

Planområdet ligg i Ørskog kommune, nord for E39 eit stykke aust for Sjøholt. Planen omfattar eit areal på om lag 4,9 daa.

#### 3.2. Eksisterande bygningar

Det er ingen bygningar i sjølve planområdet, men nokre bustadhus og landbruksbygningar som ligg like utanfor planen.

#### 3.3. Veg og trafikktilhøve

Planområdet ligg ved E39. Strekinga har relativt god stigning med 60 km/t fartsgrense. Langs nordre side av E39 er det bygd gang- og sykkelveg. Til avkøyrsla ein søkjer utvida er det i dag knytt fire bustadhus.

#### 3.4. Ureining

Det er ikkje registrert ureina grunn eller aktivitet forbunde med ureiningsfare i eller nær planområdet.

#### 3.5. Støy

Planområdet ligg nær E39 og kan vere utsatt for trafikkstøy. Planen omfattar ikkje bustadar eller anna støysensitive føremål, men støyvarselkart fra Statens vegvesen er lagt ved. Raud og gul støysone er lagt inn i planen.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 (2012), med tilhøyrande rettleiar, skal leggjast til grunn for all arealplanlegging og utbygging.

Det er ikkje gjennomført støyberekningar for planområdet med omsyn til arealutviklinga. Men det føreligg berekningar frå Statens vegvesen for tilstøytande hovudveg Fv.650.

Støyvarselkarta er utarbeida etter Miljøverndepartementet sine retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T- 1442). Støyvarselkarta viser berekna raud (Lden > 65dB) og gul (Lden > 55dB) støysone. Støyvarselkarta frå Statens vegvesen viser ein prognosesituasjon fram til 2025 .



Figur 2 Støyvarselkart. Kilde: [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

#### 3.6. Naturmangfald

Det er ikkje registreringar i naturbase i eller i umiddelbar nærleik av planområdet. I artsdatabanken er dei einaste registrerte artane hjort og platanlønn.

### 3.7. Kulturminne

Det er ikkje registrert arkeologiske kulturminne eller SEFRAK- registrerte bygningar innafør eller nær inntil planområdet.

### 3.8. Grunntilhøve

I høve til NGU-database er det elveavsetjing i planområdet. I hovudsak er dette god og stabil byggegrunn, men djupnetilhøve i samband med fundamentering må avklarast før igangsetting av tiltak.

## 4. Eigedomstilhøve

Følgjande eigedommar inngår heilt eller delvis i planområdet:

96/104, 96/122, 97/10, 97/22, 97/429.

## 5. Planprosess

Ørskog kommune varsla oppstart av arbeid med reguleringsplanen i juni 2013, med høyringsfrist 10.08.2013. Plan Vest AS hadde oppstartsmøte med kommunen 29.10.2013.

Undervegs har det vore dialog med både planavdelinga og brannsjef i kommunen. Vidare er det halde møte med Statens vegvesen den 17.01.2014.



Figur 3 Plangrense oppstart





Figur 4 Brannstasjonstomta

### 5.1. Vurdering av behov for konsekvensutgreiing

Planområdet har per i dag status som LNF- område. Plan- og bygningslova § 4-2 2. ledd gjev at «for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkningar for miljø og samfunn».

Ein har i samarbeid med kommunen kome fram til at det ikkje er naudsynt med konsekvensutgreiing for denne planen og grunnlegg dette med følgjande:

Planområdet ligg på landbruksareal. Området er registrert med fulldyrka mark, men ligg inneklemt mellom vegar og utbygde området. Sjølv om fulldyrka mark har viktige verdiar, vert verdien av dette arealet for landbruksdrift sterkt redusert på grunn av kringliggjande utbygde areal.

Naturmangfald er også omtala under kapittel 7. Her er ikkje registrert verdifulle førekomstar og det er ikkje grunnlag for å tru at det finnes ukjende biologiske kvalitetar innafor planområdet.

Når det gjeld omsyn til samfunn gjeld dette i stor grad tilhøva for veg, som er omtala i kapittel 7.3. Plassering av brannstasjon her vil ikkje medføre negative konsekvensar for samfunnet generelt, og ein vil ha ei beredskapsmessig godt tilpassa plassering av brannstasjon i høve til sentrum generelt og i høve til sjukeheimen som ligg like ved.

### 5.2. Plassering av brannstasjonen

I sak 009/10 den 04.03.2010 vart det oppnemnt eit arbeidsutval for planlegging av ny brannstasjon på Sjøholt. Arbeidsutvalet fekk m.a. følgjande oppgåver å jobbe ut frå:

1. Arbeidsutvalet skal jobbe med å finne ei fullverdig løysing for ny brannstasjon i Ørskog.



2. Bygget skal ivareta krav som er stilt til ein fullverdig brannstasjon med plass for brannbil, branntankbil og befalsbil, samt rom for garderobe, debrifing /opphaldsrom, rom for beredsapsutval og server, verkstad/reingjeringsrom for utstyr, lager og sanitærrom.

Ut frå gjeldande krav arbeida arbeidsutvalet for å finne aktuell lokalisering for ny brannstasjon. Denne må vera innafor 10 min innsatstid til risikotyngdepunktet som er mellom Ørskog sjukeheim og Steinholt bu- og servisesenter, og ovanfor oppskyljingshøgda for bølja frå Åkerneset.

Vurderingane vert basert på heimevakt (ikkje kassernert vakt).

I utgangspunktet var det 6 lokaliseringalternativ. Av desse vart utvald dei 2, Ottamarka (alt. E) skil seg litt ut frå dei andre som beste alternativet, med (alt. C), aust for sjukeheimen som eit tilsvarande godt alternativ. Når det gjeld eksisterande bygning så kan ei tilpassing/ombygging av noverande brannstasjon (alt. B), også vere eit godt alternativ.

Kommunestyret fatta vedtak KS 037/13, om at alternativ C skulle regulerast med formål brannstasjon.

Omliggjande busetnad/ verksemder

Brannstasjonen si plassering er gunstig i høve til rask innsats og redning i tilfelle brann i tilliggjande sjukeheim. Det er relativt få utrykkingar i året. Ein anser difor ikkje at bruk av sirener er serleg belastande for omgivnaden.

## 6. Innkomne merknadar - oppstart

Etter at høyringsfristen for oppstart av planarbeidet var ute 10.08.2013, låg det føre i alt 5 merknadar. Desse er oppsummert nedanfor.

	Merknad frå	Innhald	Kommentar
1	NVE, 03.07.2013	NVE har ingen innspel til planarbeidet.	Ok
2	Møre og Romsdal fylkeskommune, 12.08.2013	<p>Det er aktuelt å gjere arkeologisk registrering på området tiltenkt brannstasjon, bed om at det vert tatt kontakt med sakshandsamar for detaljar.</p> <p>Bed om at vurdering om planen krev konsekvensutgreiing vert tatt inn i planomtalen, samt at ein gjer greie for kva alternativ ein har til det aktuelle arealet.</p>	<p>Arkeologisk registrering er utført utan at det vart påvist automatisk freda kulturminne i området.</p> <p>Det er vurdert at planen ikkje krev KU, nærare om dette i kapittel 5.1.</p>
3	Statens vegvesen, 03.07.2013	<p>Etter rammeplan for avkøyrslar skal avkøyrslssaker til europavegen handsamast svært strengt.</p> <p>Føresetnad for skissert plassering må vere at arealbruk med tilhøyrande tilkomst og avkøyrslar vert vurdert i detalj. Reguleringsplan må omfatte samordna og felles avkøyrsløysing frå europavegen, der ein ser på framtidig tilkomst/avkøyrslar for heile området aust for sjukeheimen inkl bustadområde B8. Må regulerast og byggast lokal veg mellom brannstasjon og sjukeheim. Det er ikkje tilrådeleg og legge til rette for bruk av eksisterande g/s- veg som tilkomst frå brannstasjon til sjukeheim.</p>	<p>Det er søkt å ta omsyn til framtidig vegutbygging i samsvar med merknadar frå vegvesenet, og at planen ikkje legg hinder for dette.</p>
4	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 01.08.2013	<p>Har ikkje merknad til av landbruksareal vert regulert til brannstasjon, men vil kommentere at det finnes alternative plasseringar i næringsområde satt av i kommuneplanen.</p> <p>Det må gjennomførast ROS- analyse.</p>	Ok
5	Kystverket, Midt- Norge, 10.07.2013	<p>Kan ikkje sjå at planframlegget har særskild innverknad på Kystverket sine anlegg, installasjonar eller ansvarsområde, og har difor ingen merknad til planen.</p>	Ok

## Mottekne merknader – første gongs offentlig ettersyn av planforslag

Etter første gongs offentlig ettersyn av planforslaget med merknadsfrist den 30.04.14 ligg det føre 7 merknader. Desse er i summarisk form igjen gitt i tabell under. Merknadene er kommenterte i tabell og tillagt planomtale og føreseigner eller ført til endringar av desse.

	Merknad frå	Innhald	Utfall i planforslaget – vårt forslag
1	<b>Statens vegvesen, 09.04.2014</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>SVV. rår til at reg. framlegget vert basert på ei meir heilskapleg og konkret utgreiing, med vurdering av planframlegget i høve til framtidige tilkomst-/vegløysingar på tilliggjande utbyggingsareal i området.</li> <li>SVV. fremjar motsegn til reg. framlegget. Avkøyringa/kryssløysinga frå europavegen til planområdet må omarbeidast/endrast slik at reg. framlegget stettar siktkrava nedfelt i vegnormalane.</li> </ul>	Dette er tatt omsyn til
2	<b>Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 08.05.2014</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Alle føresegne for Bustad bør inn i planen.</li> <li>Gjer merksam på forureiningsforskrifta kap 15; "Krav til utslepp av oljehaldig avlaupsvatn". Bør takast inn i føresegnene og sikrast gjennom rekkjefylgjekrav, at det må etablerast oppsamling av vaskevatt ved vask av brannbil, slik at ev. ureining derfra ikkje renn ut i naturen og ned i grunnen, jf. kap 7.7 Ureining.</li> <li>Støy. Støy er kort omtakt i omtalen men ikkje nemnd i føresegnene. Brannstasjonen ligg i støysone, men er og er støykjelde. Bør synleggjerast kva behov akkurat denne stasjonen vil få (formål, kontor, soverom, døgnbemanning, uteområde mv.) Dette vil ha innverknad på behovet og krava for støyskjerming. Gjer merksam på krav i medhald til kontor.</li> <li>Det bør synleggjerast kva etablering av stasjonen her vil ha å seie for allereie etablerte omgjevnader (sjukeheim og barnehage).</li> <li>Fylkesmannen føresett at støytilhøva for tiltaket og omgjevnadane avklarast, og at gjennomføring av tiltak og sikring må sikrast i føresegnene og sikrast gjennom rekkjefylgjekrav.</li> <li>Gjer oppmerksam på mogleg ustabil grunn. Dette må avklarast.</li> </ul>	<p>Dette er ikkje krav fordi tiltaket på tomta ligg utanfor plangrense. Ein vil difor oppretthalde forslaget som det var, men vi legg føresegna for tilstøytande plan med som vedlegg i plandokumentet.</p> <p>Forureiningsforskrifta tek omsyn til dette direkte og det skal difor ikkje vera naudsynt med eige pålegg i planføresegna i tillegg, men likevel, vi tek med krav om feittavskiljar separat på grunn av tiltaket sin aktivitet.</p> <p>Brannstasjonen kan måtte innreiast med eit vaktrom. I så fall kan dette leggjast til baksida av bygningen. Med ballansert ventilasjon trengs ikkje tiltak. Brannberedskapen i kommunen er heller ikkje pålagd tilstedeverande brannvakt. Overnatting er difor pr. dags dato lite aktuelt. Bygget er difor ikkje pålagd tiltak.</p>
3	<b>Kystverket, Midt-Norge, 13.05.2014</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Planforslaget vil ikkje ha noen verknad på statlege anlegg, installasjonar eller ansvarsområde. Difor ingen merknadar.</li> </ul>	-
4	<b>Eldrerådet, 30.04.2014</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gangveg med ordentleg bilveg til sjukeheimen. – varsellys</li> <li>Ny bilveg til sjukeheimen må få gangveg.</li> <li>Støyvern mot naboar – sparsam sirenebruk.</li> <li>Oppsamling av avrenning vask-/rensemiddel</li> </ul>	Forureiningsforskrifta tas omsyn

5	Ørskog kommune, 25.04.2014	<ul style="list-style-type: none"> <li>Plankartet manglar plannamn, plan-ID og påskrift av handsaming. Den har og påskrift områderegulering, i staden for detalj - regulering. Vi føreset at dette blir retta, og har elles ikkje merknadar til planforslaget.</li> </ul>	Dette er retta opp
6	RMF, 29.04.2014	<ul style="list-style-type: none"> <li>RMF-013/14 Vedtak: RMF har ingen merknad til detaljreguleringsplan for Ørskog brannstasjon</li> </ul>	Til vitande
7	NVE, 25.03.2014	<ul style="list-style-type: none"> <li>NVE har ingen merknad til planen</li> </ul>	Til vitande

## 7. Omtale og konsekvensar av planen

### 7.1. Arealføremål

Arealet innafor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

#### Område for bygningar og anlegg pbl § 12-5.1

- Bustad (1110)
- Offentleg eller privat tenesteyting (1169)

#### Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur pbl § 12-5.2

- Veg (2010)
- Gang-/sykkelveg (2015)
- Anna veggrunn – grøntareal (2019)

#### Omsynssoner i reguleringsplan § 12-6

- Område for frisiktsone veg
- Raud støysone
- Gul støysone

### 7.2. Område for bygg og anlegg

#### *Bustader*

Ein mindre del av tilstøytande bustadeigedom, gnr. 96 bnr. 122 er bestemt til bustadområde i planen. Dette er del av eksisterande bygd bustadtomt som inngår i frisiktsone for krysset mot E39.

Bustadeigedomen ligg i tilliggjande stadfesta reguleringsplan for Sjøholt Aust datert 22.05.85. Ein kan ikkje leggja føresegnar for tiltak utanfor planområdet. Av den grunn vert det vist til gjeldande reguleringsplan, og at bustadområdet som inngår i denne planen vert underlagt reguleringsplan for Sjøholt aust datert 22.05.85. Syner til vedlagte føresegnar for reguleringsplanen Sjøholt aust. Samt til føresegn i denne planen § 3.1.

#### *Brannstasjon*

Det er så langt ikkje prosjekterte planar for brannstasjon. Men eit rom-program med naudsynte funksjonar vil kunne sjå ut om lag slik:

Plan 1 Oppstillingsplass for utrykkingskøyretøy mm, 4 stk. 150 – 180 m<sup>2</sup>

Teknisk lager 10-20 m<sup>2</sup>

Garderobe mannskapsrekvisita 30 – 40 m<sup>2</sup>.

Sanitærrom/ dusj 20 m<sup>2</sup>

Anna areal 30 – 50 m<sup>2</sup>

Plan 2 Mesanin med lager, opphaldsrom mannskap med te-kj. eit mindre kontor

Samla grunnareal er: 300 -350 m<sup>2</sup>.

Det er avsett 2,53 daa til område for brannstasjon. Område omfattar både stasjonsbygning, interne vegar og parkering.

### **7.3. Veg, trafikktryggleik og tilgjenge**

Planen syner utviding av eksisterande avkøyrsløse frå E39 med veg til brannstasjonen. Via denne vegen er det frå før avkøyrsløse til bustadar nord og aust for planområdet. Dette medfører at to tilkomstvegar er knytt til hovudavkøyrsløse i avkøyrsløsepunktet.

Vestover mot sjukeheimen er det i planen berre synt vendehammar. Eksisterande fortau langs E39 er vidareført, men med justeringar i høve til utviding av krysset.

Konsekvensar: I møte med Statens vegvesen 17.01.14 vart det presisert at det er viktig at ein i denne samanheng utformar og plasserar avkøyrsløse slik at den er framtidsretta med tanke på tilkomst til tilgjengjande areal. Det er ved utforminga som er gjeve, gjort forsøk på å sikre avkøyrsløsepunktet utan å i for stor grad føregripe framtidige overordna planprosessar. Viser her til strategiplan for kommuneplanarbeidet vedteke av kommunestyret sak KS-090/12.

Siktilhøva i avkøyrsløsepunktet er gode i begge retningar. Avkøyrsløsepunktet ligg på eit høgbrekk på E39.

#### ***Etter offentleg ettersyn***

I samband med offentleg ettersyn av planforslaget med frist fram til 30.04.14, vart det frå St. vegvesen påpeikt at avkøyrsløse mangla sikt i retning aust langs E39 på grunn av vegrekkverket si plassering. I nærare samtale med Statens vegvesen kunne dette løysast ved at det blir etablert ein minimum 1,5 m brei rabatt mellom GS-veg og E39. Så lenge det er 60 km sone langs europavegen, kan rabatt med ei slik minimum breidde erstatte rekkverket. Men då må denne løysinga i følgje Statens vegvesen førast fram til forbi avkøyrsløse med gnr. 96 bnr. 12.

Dette krev ny varsling av enkelte råka partar fordi ein kjem utanfor først varsle planavgrensing. Løysinga inneber at noverande avkøyrsløse frå gnr. 96 bnr.12 m fl. i reguleringsplanen i prinsippet blir stengd mot E39. Dette samsvarar med til no gjeldande reguleringsplan for området, Sjøholt Aust stadfesta 22.05.85, - både reelt og prinsipielt. Utkøyrsløse i denne tidlegare reguleringsplanen er heller ikkje vist fysisk stengd mot E39 men vist som del av ein gangvei – og utan kontakt med E39. Men det er viktig at avkøyrsløse til 96/12 m fl. framleis kan oppretthaldast som ei mellombels løysing til bakanforliggende arealbruk er avklart i pågåande kommuneplanarbeid og vist i revidert reguleringsplan for desse områda. Jf. elles føresegna § 6.2.





Figur 5 E39 nedafor brannstasjonstomta

#### **7.4. Born og unge sine interesser**

Det er ikkje kjend at det aktuelle arealet er særskild nytta av born og unge. Generelt er det god tilgang på uteareal, og planen påverkar ikkje tilhøve som t.d. skuleveg. Planen vil ikkje ha nemneverdig konsekvens for born og unge sine interesser.

#### **7.5. Universell utforming**

Det ligg greitt til rette for universell utforming, området er tilnærma flatt. Brannstasjonsbygninga krev ikkje universell utforming.

#### **7.6. Støy**

Planen opnar ikkje for støysensitive tiltak. Det skal ikkje innreist rom for varig opphald eller for overnatting. Brannstasjonen er ikkje meint for kassernevakt sidan Ørskog brannvesen er eit deltidsbrannvesen. Jf. § 3.4

Planen gjev ikkje auke i trafikk som vil påverke eksisterande busetnad. Bruk av sirener ved utrykking, kan gje sjenanse for omgjevna, men ein ser ikkje dette som vesentleg

#### **7.7. Ureining**

Det er ikkje registrert ureina grunn i området, og det vert ikkje opna for tiltak knytt til særleg ureiningsfare. Det må etablerast anlegg for oppsamling av vaskevatt ved vask av brannbil, slik at ev. ureining derifrå ikkje renn ut i naturen og ned i grunnen. Dette må omfatte både løysemiddelstoff og feitthaldige stoff.

#### **7.8. Landskap, estetikk og omsyn til naboar**

Framtidig brannstasjon vil påverke utsikta til dei næraste naboane. Anlegget vil ikkje ha spesiell landskapseffekt på lengre avstand, og plasseringa nær større bygningar som sjukeheimen gjer at det vil skilje seg mindre ut.

### **7.9. Friluftsliv og grønne interesser**

Planen påverkar ikkje eksisterande friluftsområder. Noko landbruksareal forsvinn, men det er generelt mykje grøntareal i form av skog og landbruksområdet. Konsekvensen i høve til grøntareal vil berre vere heilt lokalt.

### **7.10. Naturmangfald og vassdrag**

Det er ikkje registrert viktige artsområde eller naturtypar som vert rørt ved av planen, det er heller ikkje vassdrag i eller nær planområdet.

### **7.11. Kulturminne**

Det er utført arkeologiske registreringar for planområdet. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne, jf. vedlagd uttale frå kulturminneavdelinga hos fylkeskommunen dagsett 01.11.13.

### **7.12. Helse, miljø og tryggleik**

Det er ikkje registrert eigenskapar ved området som rettar merksemd mot særlege tiltak innan HMT, men sider ved drifta av brannstasjon kan dreie seg om bruk av kjemikaliar som kan skade helse og miljø.

### **7.13. Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Flytting av brannstasjonen heng saman med krav pålagd kommune på grunn av oppskyllshøgder ved sentrum der brannstasjonen tidlegare låg. Brannstasjonen er i dag midlertidig i leigde lokale på Steinholt. Flytting av brannstasjonen gjev ikkje driftsmessige endringar i den økonomiske biletet men kostnadar ved flytting og utbygging må finansierast av Ørskog kommune.

## 8. RISIKO OG SÅRBARHEIT- ROS

### METODE FOR ROS

#### I Norsk Standard NS5814 vert risiko definert slik:

«Uttrykker den fare som hendelser/ tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risikoen uttrykkes som sannsynligheten for og konsekvenser av de uønskede hendelsene.»

#### Kriterium for sannsyn og konsekvens


Det er nytta same kriteri og inndeling av uønskete hendingar i sannsyn og konsekvens som i den overordna ROS - analysen. Intervall og kriterium er oppdatert slik at dei settar krava i teknisk forskrift (Tek 10). Hendingane vert vurdert ut frå sannsyn for og konsekvens av hendinga. Følgjande definisjonar er lag til grunn:

**Sannsynsgrad** for dei uønska hendingane vert rangert etter antatt frekvens (hyppigheit):

Svært sannsynleg	(5) Meir enn ei hending kvart 20 år
Sannsynleg	(4) Mindre enn ei hending kvart 20 år, men meir enn ei hending kvart 200 år.
Noko sannsynleg	(3) Mindre enn ei hending kvart 200 år, men meir enn ei hending kvart 1000 år.
Lite sannsynlig	(2) Mindre enn ei hending kvart 1000 år, men meir enn ei hending kvart 5000 år
Usannsynlig	(1) Mindre enn ei hending kvart 5000 år.

**Konsekvensane** av dei uønska hendingane vert rangert som følgjer:


KONSEKVENNS	VEKT	MENNESKE (LIV OG HELSE)	YTRE MILJØ (LUFT, JORD, VATN...)	MATERIELLE VERDIAR
Katastrofal	5	Meir enn 5 døde, eller 25 alvorleg skada. (KBP nivå 3)	Varig større skade på ytre miljø	Skade for meir enn 50 mill. kr
Kritisk	4	Inntil 5 døde, eller fare for inntil 25 alvorleg skada personar. (KBP nivå 2)	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø eller mindre alvorleg skade men av stort omfang på ytre miljø.	Skade mellom 5 mill og 50 mill. kr
Alvorleg/ farleg	3	Inntil 10 alvorlege personskader, eller mange mindre personskader men med sjukefråvær. Vesentlege helseplager og ubehag. (KBP nivå 2)	Store skader på ytre miljø men som vil utbetrast på sikt.	Skade mellom 500 000 og 5 mill. kr
Ein viss fare	2	Mindre skadar som treng medisinsk handsaming, evt. kortare sjukefråvær. (KDP nivå 1)	Mindre skadar på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid.	Skade mellom 50 000 og 500 000 kr
Ubetydelig	1	Ingen eller små personskader. (KDP nivå 1)	Ingen eller ubetydelig skade på ytre miljø.	Skade for inn til 50 000 kr.



Medfører uakseptabelt risiko. Her **skal** risikoreduserande tiltak gjennomførast, alternativt skal det gjennomførast meir detaljerte ROS analyser for ev. å avkrefte risikonivået.



ALARP-soner, dvs. avbøtande tiltak skal/bør gjennomførast for å redusera risikoen så mykje som råd. (ALARP = AS Low As Reasonable Practicable). Det vil ofte vera naturleg å leggja ein kostnøytteanalyse til grunn for vurdering av endå fleire risikoreduserande tiltak.



I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal/bør gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

RISIKOMATRISJE						
SANNSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5
	KONSEKVENS					

## 8.1. ROS – Evaluering

ROS – analysen dannar grunnlaget for vurderingar av risiko og sårbarheit for planområdet.

Hendingar / situasjon	Aktuelt	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak
<b>Natur og miljøforhold</b>					
<i>Ras/Skred/flom/grunnforhold. Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:</i>					
1. Masseras/-skred	Nei				
2. Steinsprang	Nei				
3. Masseras vegfyllingar	Nei				
4. Snø/-isras	Nei				
5. Flaumras	Nei				
6. Flaum	Nei				
7. Økt vasstand	Nei				
8. Tidevassflaum	Nei				
9. Radongass	Nei				
<i>Vær og vindeksponering. Er området spesielt:</i>					
10. Vindutsett	Nei				
11. Utsett for unormal nedbør og/eller vind	Nei				
<b>Natur- og kulturområde</b>					
12. Sårbar flora	Nei				
13. Sårbar fauna/fisk	Nei				
14. Verneområde	Nei				
15. Vassdragsområde	Nei				
16. Fornminne (afk)	Nei				
17. Kulturminne/-miljø	Nei				

Menneskeskapte forhold					
Strategiske område og funksjoner. Kan planen/tiltaket få konsekvenser for:					
18. Vei, bru, knutepunkt	Ja	2	3	2,3	Fleire avkørsler aukar fare for påkørsle/trafikkulukker.
19. Hamn, kaianlegg	Nei				
20. Sjukehus/-heim - kyrkje	Nei				
21. Skole/barnehage	Nei				
22. Brann, politi, sivilforsvar	Nei				
23. Kraftforsyning	Nei				
24. Vassforsyning	Nei				
25. Forsvarsområde	Nei				
26. Tilfluktsrom	Nei				
27. Område for idrett/leik	Nei				
28. Rekreasjonsområde	Nei				
29. Område for friluftsliv	Nei				
30. Område for landbruk	Ja	2	3	2,3	Ca 2,5 daa landbruksareal ver nedbygd. Planen har lite/ingen konsekvens for kringliggande landbruk.
Forureiningsskilde som finnes i dag, og som råkar planområdet:					
31. Akutt forureining	Nei				
32. Permanent forureining	Nei				
33. Støv og støy frå industri	Nei				
34. Støv og støy: trafikk	Nei				
35. Støv og støy: andre kjelder	Nei				
36. Forureina grunn	Nei				
37. Forureina i sjø	Nei				
38. Høgspenlinje (em stråling)	Nei				
39. Risikofylt industri mm. (kjemikalier/eksplosiver, olje/gass, radioaktivitet)	Nei				
40. Avfallsbehandling	Nei				
41. Oljekatastrofeområde	Nei				
Forureiningsskilde / faktorar som følgje av planen:					
42. Fare for akutt forureining	Nei				
43. Permanent forureining					
44. Støv og støy frå andre kilder	Nei				
45. Forureining i sjø	Nei				
46. Risikofylt industri mm (kjemikalie/eksplosiver, olje/gass, radioaktivitet)	Nei				
Transport. Er det risiko for:					
47. Ulykke med farlig gods	Nei				
48. Vær/føre avgrensar tilgang til området	Nei				
Trafikktryggleik					
49. Møteulykker	Nei				
50. Ulykke i av-/påkørsler	Ja	2	3	2,3	Fleire avkørsler aukar fare for påkørsle/trafikkulukker.
51. Ulykke med gåande/syklande	Ja	2	3	2,3	Fleire avkørsler aukar fare for påkørsle/trafikkulukker.
52. Viltpåkørsler	Nei				
53. Utforkjøringsulykker	Nei				
54. Havari i tunnel	Nei				
55. Personskadeulykker i tunnel	Nei				
56. Brann i tunnel	Nei				
Andre forhold					
57. Sabotasje og terrorhandlingar	Nei				

## 9. Vedlegg

Plankart M=1:1000

Føresegner Sjøholt aust

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune vedkomande arkeologisk registrering

Reguleringsføresegner

Skjema for innkomne merknadar etter offentleg ettersyn